

MØTEINNKALLING

Kopi til: Ordføreren
Revisor
Rådmannen

Medlemmane av
Kontrollutvalet

INNKALLING TIL MØTE I SYKKYLVEN KONTROLLUTVAL

Det blir med dette kalla inn til møte

Tysdag, 09.04.2019 kl. 14.00, f-salen, kommunehuset

SAKLISTE:

- Sak 05/19 - Godkjenning av møtebok frå møte 13.02.2019.
- Sak 06/19 - Praktisering av reglar for offentlegheit og meiroffentlegheit i Sykkylven kommune. Orientering ved einingsleiar for fellestenester.
- Sak 07/19 - Oppfølging av sak 12/17 «Drøfting av prioriteringar i plan for selskapskontroll».
- Sak 08/19 - Årsmelding 2018 for Sykkylven kontrollutval.

Eventuelt

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 70 17 21 58 eller 926 11735 til dagleg leiar eller e-post bjorn.tommerdal@sksiks.no.

Rolf Bergmann
leiar
(sign.)

Sak 05/19 - Godkjenning av møtebok frå møte 13.02.2019

KONTROLLUTVALET I SYKKYLVEN KOMMUNE

MØTEBOK

Møtedato: 13.02.2019, kl.14.00
Møtestad: F-salen, rådhuset.
Møtet vart leia av: Rolf Bergmann

Elles til stades:

Karen Elise Matheson, Roger Welle, Ståle Eikrem og Grethe Melseth (vara).
Hadde meldt forfall: Torill Velle

= 5 voterande

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Bjørn Tømmerdal og juridisk rådgjevar Kjetil Kvammen.

Frå administrasjonen møtte rådmann May Helen Molvær Grimstad og kommunalsjef Eli Otterlei.

Ordfører Odd Jostein Drotningshaug deltok på delar av møtet.

Det kom ikkje fram merknader til innkalling. Saklista vart godkjend, og Karen Elise Matheson meldte inn ei sak under eventuelt.

Sak 01/19 - Godkjenning av møtebok frå møte 05.12.2018

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak om møteboka:

Møteboka frå møte 05. desember 2018 blir godkjent.

Sak 02/19 - Klage frå Allmenlegeutvalet i Sykkylven til leiar av kontrollutvalet

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet datert 6. februar 2019

Saka vart lagt fram frå sekretariatet utan tilråding til vedtak.

Leiar Rolf Bergmann fremma følgjande forslag:

Kontrollutvalet ønskjer ei nærare utgreiing av kommuneadministrasjonen si saksbehandling når det gjeld tilhøvet til legekantoret si praktisering av betalingstariffen, Takst 8.

Ståle Eikrem fremma eit alternativt forslag:

Kontrollutvalet tek saka til vitande og meiner saka ikkje eignar seg for vidare handsaming i kontrollutvalet.

Leiar Rolf Bergmann opna for enkeltvis votering over framsette forslag.

Forslaget frå Ståle Eikrem fall mot 3 stemmer.

Forslaget frå leiar Rolf Bergmann blei vedteke mot 2 stemmer.

Kontrollutvalet sitt endelege vedtak:

Kontrollutvalet ønskjer ei nærare utgreiing av kommuneadministrasjonen si saksbehandling når det gjeld tilhøvet til legekantoret si praktisering av betalingstariffen, Takst 8.

Sak 03/19 - Ny kommunelov – nye reglar på området for kommunen sin eigenkontroll

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet datert 6. februar 2019

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

1. Kontrollutvalet har merka seg reglane i ny kommunelov når det gjeld området for den kommunale eigenkontrollen.
2. Kontrollutvalet ber kommunestyret ta saka til orientering.

Sak 04/19 - Årsrapport 2018 Nordre Sunnmøre Kemnerkontor og skatterekneskap 2018 for Sykkylven kommune

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet datert 6. februar 2019

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

Eventuelt:

Karen Elise Matheson etterlyste ei nærare oversikt over dei saker som kontrollutvalet har behandla, og kva konsekvens og oppfølging vedtaka har fått. Sekretariatet vil sjå nærare på ei oversikt over saker og vedtak som er gjort i perioden 2015-2019 til neste møte.

På neste møte skal kontrollutvalet ha ei orientering frå rådmann om korleis Sykkylven kommune praktiserer reglar for både offentlegheit og meiroffentlegheit.

Møtet var slutt kl. 16.25

Rolf Bergmann
leiar
(sign.)

Roger Welle
medlem
(sign.)

Karen Elise Matheson
medlem
(sign.)

Ståle Eikrem
nestleiar
(sign.)

Grethe Melseth
varamedlem
(sign.)

Sak 06/19 - Praktisering av reglar for offentlegheit og meiroffentlegheit i Sykkylven kommune. Orientering ved einingsleiar for fellestenester.

Bakgrunn:

Frå møteboka 13. februar 2019:

På neste møte skal kontrollutvalet ha ei orientering frå rådmann om korleis Sykkylven kommune praktiserer reglar for både offentlegheit og meiroffentlegheit.

Kontrollutvalet ynskjer å få ei orientering frå rådmann på korleis Sykkylven kommune praktiserer reglar for både offentlegheit og meiroffentlegheit. Sykkylven kontrollutval er opptatt av at innbyggjarane får best mogleg innsyn i dei sakene som vert handsama og elles ha god tilgang til informasjon og korrespondanse. At ein likevel med heimel i lov må unnta enkelte saker, knytt til mellom anna personar eller forretningsdrift, er sjølv sagt.

På bakgrunn av den informasjonen som er komen fram i ovanstående orientering og som no er forventa å verte nærare belyst i kontrollutvalsmøtet, bør utvalet seinare kunne ta stilling til eventuell vidare handsaming. For kontrollutvalet sine vurderingar og eventuelt vidare arbeid er det nødvendig å motta ei nærare orientering frå rådmann.

Saka vert etter dette lagd fram utan tilråding til vedtak.

Bjørn Tømmerdal
Dagleg leiar
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat

Sak 07/19 - Oppfølging av sak 12/17 «Drøfting av prioriteringar i plan for selskapskontroll».

Bakgrunn

Sak om plan for selskapskontroll vart behandla i kontrollutvalet som sak 03/17 den 15. februar 2017.

Kontrollutvalet si samrøystes innstilling:

- 1. Det blir utført ein kontroll av korleis kommunen generelt ivaretek sine eigarinteresser inkludert vurdering av behov for framtidig interkommunalt samarbeid i forhold til kommunestrukturen.*
- 2. Det blir delegert til kontrollutvalet å ta avgjersle om det skal utførast kontroll av enkelte selskap.*

Planen vart behandla i kommunestyret den 20. mars 2017 som sak 20/17. Av protokollen går det fram at:

Saka var sett opp som referatsak med saksnummer RS 4/17. Leiar av kontrollutvalet la fram forslag om å gjere om saka til politisk sak. Kommunestyret vedtok dette samrøystes.

Kommunestyret fatta ei samrøystes vedtak: *som innstillinga frå kontrollutvalet.*

I eit drøfting- og arbeidsmøte i kontrollutvalet den 24. april 2017 vart: *Drøfting av prioriteringar i plan for selskapskontroll* satt opp som sak 12/17. Saksutgreiinga viste til at planen var vedteken og refererte vedtaket. Vidare stod det:

Sekretariatet ser på pkt. 1 om korleis kommunen ivartek sine eigarinteresser m.v. som hovudpunktet for selskapskontrollen.

Denne saka vil dreie seg om eventuelle kontrollar av selskap i samsvar med punkt 2. Det blir lagt opp til drøfting i møtet.

Vedtaket var:

Når det gjeld punkt 2 i plan for selskapskontroll vil kontrollutvalet prioritere Sykkylven Energi AS. Det vil seinare bli laga ei prosjektskisse for kontrollen.

Plan for selskapskontroll

I plan for selskapskontroll går det innleiingsvis fram følgjande om selskapskontroll:

Det første underbegrepet innan selskapskontroll er "eigarskapskontroll". Det er definert i kontrollutvalsforskrifta § 14 første ledd andre leddsetning: "... kontrollere om den som utøver kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser i selskaper gjør dette i samsvar med kommunestyrets/fylkestingets vedtak og forutsetninger (eierskapskontroll). "Denne kontrollforma er ikkje djuptgåande og gjeld eigentleg ikkje selskapet, men derimot utøvinga av eigarstyringa. Denne oppgåva kan gjerast av kontrollutvalsekretariatet eller revisjonen.

Det andre underomgrepet er "forvaltningsrevisjon av selskap". Det er omtalt i kontrollutvalforskrifta § 14 andre ledd. Dette er ein djuptgåande kontroll av selskapet og ettersom denne er definert som revisjon, kan den berre utførast av revisjonen. Forskrifta viser her til definisjonen av forvaltningsrevisjon i revisjonsforskrifta § 7.

Eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon kan seiast å markere to ytterpunkt i selskapskontrollen, på den eine sida kontroll av utøvinga av eigarstyringa, på den andre kontroll av måloppnåing, ressursbruk og liknande i selskapet. Mellom desse ytterpunkt kan det ligge kontrollar av selskap som kombinerer element frå dei to kontrollformene.

Vidare under punkt 1.2 står det

I tillegg til den kontrollen som selskapa sjølve driv, er kommunane pålagt å drive kontroll overfor selskapa sine. Selskapskontroll går ut på å vurdere i kva grad kommunen si eigarstyring og verksemda i selskapa er i tråd med vedtektene til selskapet og med vedtaka og føresetnadene til kommunestyret.

Selskapskontroll er ei obligatorisk oppgåve for kontrollutvalet, jf. kommunelova § 77 nr. 5: "Kontrollutvalget skal påse at det føres kontroll med forvaltningen av kommunens eller fylkeskommunens interesser i selskaper m.m." Ein reiskap i selskapskontrollen er det vide innsynet som kommunelova § 80 gir for kontrollutvalet og revisor i kommunalt eigde selskap.

(...)

Eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon er i utgangspunktet kontrollformer som kan nyttast overfor alle selskap kommunen er medeigar i. Innsynsretten etter kommunelova § 80 er avgrensa til interkommunale selskap og aksjeselskap som er fullt ut eigd av kommunar og fylkeskommunar. I den grad innsyn er nødvendig for å gjennomføre eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon, til dømes om ein treng informasjon som ikkje er tilgjengeleg i offentlege kjelder, vil ein måtte avgrense kontrollen til selskap som fullt ut er eigd av kommunar og fylkeskommunar. Kommunelova § 80 gir kommunane innsyn i selskap, men heimlar ikkje i seg sjølv kontroll.

Kontrollutvala har vide fullmakter til å kontrollere selskap som kommunen eig. Reglane om selskapskontroll kom i 2004, og dette er dermed framleis ei relativ ung kontrollform. Selskapskontrollen er obligatorisk ved at kontrollutvalet skal sjå til at slik kontroll blir gjennomført og lage ein plan. Det er likevel valfritt om selskapskontrollen skal omfatte forvaltningsrevisjon.

Under punkt 1.5 om samordning står det:

I kommunesektoren er det vanleg med interkommunalt samarbeid gjennom selskap som kommunane eig saman. Interkommunale selskap er ei selskapsform som er utforma særskilt for slik verksemd som kommunane samarbeider om, men aksjeselskap som er eigd av fleire kommunar, er også vanleg.

Reglane for selskapskontroll gir kvar eigarkommune store muligheiter til å føre kontroll, men har ikkje føresegnar om samordning av felles kontrollaktivitetar. I og med at selskapskontroll er krevjande, også økonomisk, kan fråver av samordning bli fråver av kontroll. Dette gjeld særleg for selskapskontroll med forvaltningsrevisjon,

som krev fleire timar enn annan selskapskontroll. Fråver av samordning av kontroll av selskapet kan og innebere sløsing med ressursar dersom dei same tilhøva nyleg er kontrollert i ein annan selskapskontroll. (...)

Under krav til selskapskontrollen står det:

Å ha selskapskontroll i alle selskapa er ikkje føremålstenleg og ikkje i tråd med krava i forskriftene om at ein skal prioritere ut i frå risiko og vesentlegheit.

I praksis er det i kommunalt heileigde selskap det er mest realistisk med selskapskontroll. Av heileigde kommunale selskap nemner ein:

Sykkylven bustadselskap AS

Storfjordterminalen AS

Sykkylven Energi AS

Sykkylven egedomsutvikling AS

Samt fleire interkommunale selskap.

Størrelsen på kommunen sitt engasjement vil også være avgjerande for ei prioritering: For dei heileigde kommunale selskapa der kommunen er medeigar saman med andre kommunar vil selskapskontrollen eventuelt skje i regi av kontorkommunen.

Det mest naturleg er å konsentrere seg om korleis kommunen følgjer opp dei store selskapa. Eventuell kommunal støtte til selskapa er også av interesse å få kartlagt.

Korleis kommunen forvaltar sitt eigarskap kan reknast som sjølv hovudproblemstillinga i selskapskontrollen og det er det spørsmålet eigarskapskontrollen er meint å gi svar på. Det er derfor i første omgang naturleg å avgrense selskapskontrollen til korleis kommunen fører tilsyn med og opptrer som eigar og korleis kommunen vurderer behov for framtidig interkommunalt samarbeid i forhold til kommunestrukturen. Dersom det under arbeidet kjem fram forhold som tilseier at selskapskontrollen skal omfatte eit konkret selskap kan planen bli rullert i forhold til denne problemstillinga på eit seinare tidspunkt i planperioden. Ei slik avgjerse kan delegerast til kontrollutvalet.

Eigarskapsmelding

Sykkylven vedtok ei eigarskapsmelding den 11. november 2013. I denne meldinga er det gitt ei oversikt over selskapa som kommune eig:

SELSKAP	FORM	TAL STYREMED	TAL FRÅ SYK- KOM
Sykkylven Energi AS	Heileigd	7	5*
Sykkylven Bustadselskap AS	Heileigd	5	5*
Aure Omsorgsbustader AS	AS	5	
Sykkylvsbrua AS	AS	5	3*
Sykkylven Egedomsutvikling AS	Heileigd	3	3*
Storfjordterminalen AS	Heileigd	3	3*
Sykkylven Godsterminal AS	Heileigd	5	3*
Sykkylven Næringsutvikling AS	AS	5	3*
Storfjordsambandet ASA	ASA	5	

Kommunerevisjonsdistrikt nr 3 IKS	IKS	5	
Sunnmøre Kontrollutvalssekretariat IKS	IKS	3	
IKA – Interkommunalt arkiv	IKS		
Åknes Tafjord Beredskap IKS	IKS	7	1*
Sunnmøre Regionråd IKS	IKS	7	
Destinasjon Sunnmøre og Ålesund	AS	7	
Sykkylven Friluftssenter SA	LL	5	
Sunnmøre Krisesenter AS	AS		
Sykkylven bedriftshelseteneste		3	
ÅRIM IKS	IKS	7	1
AV-sentralen Volda		4	1*
Furene AS	AS	5	

I høve til kvart selskap inneheld eigarskapsmelding ei vurdering og ei konkretisering av eigarstrategien. I vedlegg er det utarbeidd detaljert informasjon om kvart selskap.

Ny kommunelov

Ein ny kommunelov trer i kraft når det nye kommunestyret blir konstituert etter valet til hausten. Den nye lova inneheld nokre endringar som er relevant i høve til selskapskontroll. Det er eit nytt kapittel 26 om eigarskapskontroll der det under § 26-1 om eigarskapsmeldinga står:

Kommuner og fylkeskommuner skal minst én gang i valgperioden utarbeide en eierskapsmelding som skal vedtas av kommunestyret eller fylkestinget selv.

Eierskapsmeldingen skal inneholde

- a) *kommunens eller fylkeskommunens prinsipper for eierstyring*
- b) *en oversikt over selskaper, kommunale eller fylkeskommunale foretak og andre virksomheter som kommunen eller fylkeskommunen har eierinteresser eller tilsvarende interesser i*
- c) *kommunens eller fylkeskommunens formål med sine eierinteresser eller tilsvarende interesser i virksomhetene nevnt i bokstav b.*

Når det gjeld kapittel 23 om kontrollutvalet si verksemd skal vi gje att to paragrafar:

§ 23-3 om forvaltningsrevisjon angir:

Forvaltningsrevisjon innebærer å gjennomføre systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, regeletterlevelse, måloppnåelse og virkninger ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak.

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan som viser på hvilke områder det skal gjennomføres forvaltningsrevisjoner. Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet og virksomheten i kommunens eller fylkeskommunens selskaper. Hensikten med risiko

og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for forvaltningsrevisjon.

Planen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv. Kommunestyret og fylkestinget kan delegere til kontrollutvalget å gjøre endringer i planen.

§ 23-4 om eigarskapskontroll angir:

Eierskapskontroll innebærer å kontrollere om den som utøver kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser, gjør dette i samsvar med lover og forskrifter, kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og anerkjente prinsipper for eierstyring.

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for hvilke eierskapskontroller som skal gjennomføres. Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens og fylkeskommunens eierskap. Hensikten med risiko- og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for eierskapskontroll.

Planen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv. Kommunestyret og fylkestinget kan delegere til kontrollutvalget å gjøre endringer i planen.

I merknadane til § 23-3 om forvaltningsrevisjon står det:

Andre ledd første punktum viderefører kontrollutvalgets plikt til å utarbeide en plan for forvaltningsrevisjon, jf. gjeldende forskrift om kontrollutvalg § 10 første ledd første punktum. Første punktum må forstås slik at planen både skal dekke virksomhet som drives av kommunen eller fylkeskommunen selv, og virksomhet som drives av selskaper som kommunen eller fylkeskommunen har eierinteresser i. Kravet om en slik felles plan er nytt.

I lovforarbeidet prop. 46 L (2017-2018) under 26.3.4.1 om at revisjonen får ansvar for å utføre eigarskapskontroll står det:

Departementet viser til at utvalgets forslag om å definere eierskapskontroll som en revisjonsoppgave innebærer at revisjonen både får ansvar for gjennomføringen av forvaltningsrevisjonen og eierskapskontrollen. Endringen betyr at kravet om god kommunal revisjonsskikk også vil gjelde for eierskapskontrollen. Kontrollutvalget og kontrollutvalgssekretariatet vil på sin side ha som oppgave å planlegge og bestille eierskapskontroller.

Departementet mener forslaget bidrar til å styrke kvaliteten på eierskapskontrollen samtidig som den gir en klarere rollefordeling. Det vises til at kontrollutvalgssekretariatet etter gjeldende rett både bestiller, gjennomfører og avgir innstilling om eierskapskontrollen. Departementet mener denne dobbeltrollen i seg selv er problematisk og (...)

Under 26.3.4.2 om kontrollutvalet sin plan for eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon står det:

Etter utvalgets forslag, skal kontrollutvalget fortsatt ha ansvar for å planlegge kommunens selskapskontroll. Departementet slutter seg til dette.

Departementet slutter seg vidare til at kontrollutvalget minst én gang i løpet av valgperioden skal utarbeide en plan for gjennomføring av eierskapskontroller. Selv om det ikke foreslås minimumskrav til omfanget av eierskapskontroller, understreker departementet at slike kontroller er nødvendig for at kommunestyret skal kunne ivareta sitt overordnede styringsansvar. Samtidig kan eierskapskontrollene avdekke behov for forvaltningsrevisjoner.

Departementet slutter seg vidare til utvalgets forslag om at kontrollutvalgets plan for selskapskontroll skal inneholde en samlet plan for forvaltningsrevisjon av kommunens egen virksomhet og virksomhet som foregår i kommunalt eide selskaper. Dette gjør det enklere for kommunene å vurdere oppgaveløsningen samlet, uavhengig av om den gjennomføres av kommunen selv eller av et kommunalt eid selskap.

Selv om det skal utarbeides en samlet plan, skal det gjøres en særskilt risiko- og vesentlighetsvurdering av hver enhet. (...)

Vurdering

Ein har arbeidd etter den praksis at det blir gjennomført ein eigarskapskontroll av dei selskap som er heileigd av det offentlege og har hovudkontor i den aktuelle kommune. Dette inneber følgjande selskap for Sykkylven kommune:

- Sykkylven Energi AS
- Sykkylven Bustadselskap AS
- Sykkylven Eigedomsutvikling AS
- Storfjordterminalen AS
- Sykkylven Godsterminal AS

Punkt 1 i vedtaket vedkomande eigarskapskontrollen er den pliktige delen. Det er berre i Stranda kommune at denne eigarskapskontrollen er utført i inneverande valperiode, jmf sak 12/18 i Stranda kontrollutval den 15. mars 2018. I eit av selskapa Byrg Kompetanse AS, har Sykkylven kommune ein eigardel på 0,01 %, medan Stranda kommune har ein eigardel på 99,99 %. Denne eigarskapskontrollen vart utført av kontrollutvalssekretariatet. I tillegg har kommunerevisjonen på vegne av Ålesund kommune gjennomført ein selskapskontroll med forvaltningsrevisjon av ÅRIM IKS.

Då eigarskapskontrollen er den pliktige delen, bør ein truleg prioritere punkt 1 i vedtaket.

Når det gjeld punkt 2 i vedtaket, som peikar på ein selskapskontroll med forvaltningsrevisjon, bør ein i tråd med praksis peike på kva for tema som bør vere gjenstand for ein forvaltningsrevisjon før ein ber kommunerevisjonen om å utarbeide ei prosjektskisse.

Om eigarskapskontrollen skal bli utarbeidd av kontrollutvalssekretariatet i denne perioden, krev det ei særskilt løyving som ein må få vedtak på i kommunestyret. Kontrollutvalet har inne ei noko omfattande bestilling i ei anna sak som legge beslag på vesentlege ressursar (sak 02/19 Takst 8) .

Om kommunerevisjonen også skal utføre eigarskapskontrollen, i tillegg til punkt 2 om selskapskontroll med forvaltningsrevisjon av Sykkylven Energi AS, bør ein gjere ein førespurnad i høve til levering i inneverande valperiode. Om kommunerevisjonen ikkje har kapasitet til å gjennomføre dette i inneverande periode, kan det vere tenleg å forankre denne gjennomgangen i den nye kommunelova og det nye kontrollutvalet som blir konstituert på hausten.

Kontrollutvalsekretariatets tilråding til vedtak:

Sykkylven kontrollutval overlet til det nye kontrollutvalet etter kommunevalet 2019 å arbeide vidare med ei bestilling på selskapskontroll på vegne av Sykkylven kommunestyre.

Bjørn Tømmerdal

Dagleg leiar

Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS

Sak 08/19 - Årsmelding 2018 for Sykkylven kontrollutval.

Forslag til Årsmelding 2018 – Sykkylven kontrollutval

Det blir vist til vedlagte forslag til årsmelding.

På bakgrunn av ovanstående blir saka lagt fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

vedtak:

Det framlagte forslaget til årsmelding datert 2. april 2019 blir vedteke som årsmelding 2018 for Sykkylven kontrollutval.

Bjørn Tømmerdal
Dagleg leiar
Sunnmøre kontrollutval sekretariat

ÅRSMELDING FOR VERKSEMDA I 2018

Etter Lov om kommunar og fylkeskommunar § 77 er det pålagt for kommunane å ha kontrollutval.

Kommunelova har som føremål at kommunen si verksemd skal:

- tilrettelegge forholda for eit funksjonsdyktig kommunalt folkestyre
- og for ei rasjonell og effektiv forvaltning av dei kommunale fellesinteressene innanfor ramma av det nasjonale fellesskapet og med sikte på ei bærekraftig utvikling.
- Legge til rette for ei tillitsskapande forvaltning som bygg på ein høg etisk standard

Dette gir mål for kontrollutvalet sitt arbeid og peikar ut ei retning for korleis utvalet skal utøve rollen sin. Desse måla skal vere å finne igjen i føremålet med både rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon selskapskontroll og andre typar kontrollar. Årsmeldinga gir informasjon om kva for oppgåver kontrollutvalet har hatt fokus på i 2018 og dermed kva utvalet har gjort for å bidra til å nå dei overordna måla.

Utvalet skal på vegne av kommunestyret stå for det løpande tilsynet med kommunen si forvaltning. Utvalet rapporterer og gir innstilling direkte til kommunestyret i saker der dette er oppgåva.

I medhald av kommunelova har kommunaldepartementet fastsett forskrifter om kontrollutval den 15. juni 2004. I forskrifta er det gitt reglar for val og samansetting av utvalet, om utvalet sitt ansvar og oppgåver, om saksbehandling og sekretariat. Sykkylven kommunestyre har også vedteke eige reglement for Sykkylven kontrollutval.

Mellom anna skal utvalet føre tilsyn med at revisjon av årsrekneskapan skjer på ein tilfredstillande måte og at det blir utført forvaltningsrevisjon og tilsyn med eigarskapet i selskap der kommunen er eigar eller deleigar i.

Etter regelverket skal kontrollutvalet ha eige sekretariat, uavhengig av administrasjonen og den valde revisjon. Sekretariatet skal mellom anna sjå til at sakene som blir lagt fram for kontrollutvalet er forsvarleg utgreidd.

Etter valet i 2015 har utvalet hatt denne samansettinga:

Leiar: Rolf Bergmann (Frp)
Nestleiar: Ståle Eikrem (Ap)
Medlem: Roger Welle (H)
Medlem: Karen Elise Matheson (Sv)
Medlem: Torill Velle (H)

Aktiviteten i året

Kontrollutvalget har hatt 5 møte i 2018 og behandla 21 saker. Dette er ein høgare aktivitet enn forrige år, og aktiviteten er eit resultat av det behovet kontrollutvalet har hatt for å ta opp fleire saker.

Møtebøker frå kontrollutvalet sine møte blir oversendt kommunestyret til orientering. Kommunestyret får dermed løpande oversikt over aktiviteten i kontrollutvalet. I saker der kontrollutvalet gir innstilling eller uttalar til kommunestyret blir det sendt særutskrift og saksdokument til kommunestyret. Innstillingsretten i slike saker ligg til kontrollutvalet.

Det har blitt lagt vekt på å delta i relevante fora for å halde seg oppdatert om informasjon som er aktuell for kontrollutvalet sine oppgåver. Eit viktig bidrag her har vore den årlege kontrollutvalkonferansen. Når kontrollutvalget har ønska meir informasjon om kommunen si verksemd og samtidig gjere eigen funksjon meir kjent, har rådmannen blitt invitert for å orientere. Også revisor har blitt invitert til å orientere om revisjonsarbeidet.

I tillegg til behandling av kommunen sine rekneskap og årsmelding, har kontrollutvalet også sett det som ei viktig oppgåve å ha ei løpande oppfølging av kommunen sin økonomiske situasjon mellom anna gjennom behandling av kommunen sine økonomirapportar.

Vidare har kontrollutvalet arbeidd med eigarskapskontroll av ÅRIM, forvaltningsrevisjon av tilskotsforvaltning av midlar til breibandutbygging, orientering om habilitet og orientering om stemmegiving, påstandar om uriktig sal gjennom Sykkylven Bustadselskap AS og ymse orienteringar knytt til Sykkylven legesenter.

Medlemene i kontrollutvalet er kjent med at kontrollutvalet sine oppgåver er mange og viktige. Derfor har det blitt gitt prioritet å styrke dette arbeidet. Kontrollutvalet har teke sikte på å bidra til at det blir skapt tillit til kommunen og at kommunen framstår som truverdig for brukarar og innbyggjarar i tenesteproduksjon, utøving av mynde og forvaltningsfunksjonar. Tilsyns- og kontrollordninga skal medverke til å skape legitimitet til desse prosessane med ei kritisk og konstruktiv tilnærming. For å nå dette målet har det vore viktig med ein konstruktiv dialog med kommunen si leiing.

Rolf Bergmann	Roger Welle	Karen Elise Matheson	Ståle Eikrem	Torill Velle
leiar	medlem	medlem	nestleiar	medlem
(sign.)	(sign.)	(sign.)	(sign.)	(sign.)